

## KRITERIER FOR TILDELING AV REGIONALT NÆRINGSFOND TIL NYETABLERINGAR OG BEDRIFTSUTVIKLING

Det regionale næringsfondet er finansiert av Hordaland fylkeskommune. Midlane skal medverke til å realisera fylkeskommunale mål for utvikling, særleg innan kompetanseheving, omstilling, nyetablering, innovasjon og nyskaping i næringslivet, og tilrettelegging for dette.

### Soneinndeling

Sone	Maks støtte	Soneinndeling for kommunane i Sunnhordland
Sone I	0	Stord
Sone II	Tilrettelegging	Bømlo, Sveio
Sone III	SMÅ 30 % Mellomstore 20 % Store 10 %	Austevoll Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne.
Sone IV	SMÅ 35 % Mellomstore 25 % Store 15 %	

### Følgjande vilkår og retningsliner gjeld for bruken av midlane:

- Regionalt næringsfond i Sunnhordland prioriterer tiltak som gir nytte for meir enn ein kommune.
- Forvaltning av midlane skal reflektere prioriteringane i Fylkesplanen og RUP.
- Midlane kan ikkje nyttast til investeringar i, og/eller drift av statleg, fylkeskommunal eller kommunal velferdsproduksjon og offentleg forvaltnings- og forretningsverksemd. Dette gjeld også der private tilbydarar har teke over det operative ansvaret. Avgrensinga gjeld ikkje dersom tiltaka blir nytta til tilrettelegging for næringsareal eller liknande.
- Midlane skal ikkje nyttast til direkte investeringar i eigenkapital i bedrifter.
- Midlane skal nyttast i tråd med statsstøttoreglane innanfor EØS-avtalen.
- Ei mogleg bedriftsstøtte kan berre løyvast innanfor regelverket for bagatellmessig støtte.
- Det er ikkje høve til samfinansiering mellom Regionalt næringsfond og Innovasjon Noreg når det gjeld støtte til bedrifter.
- Regionalt næringsfond kan samfinansierast med kommunale næringsfond i dei kommunane som har slike, men søker har plikt til å oppgje i søknaden dersom ein har motteke slik støtte.

### Føringar og avgrensingar for tildeling til bedrifter - nyetableringar

1. Det vert delt ut midlar frå det regionale næringsfondet i Sunnhordland 2-4 ganger pr. år.
2. Utlysing om søknadsfrist til næringsfondet vert gjort i lokalavisene.
3. Direkte bedriftsstøtte og støtte til kommunale næringsretta investeringar kan berre gjevast i det distriktspolitiske verkeområdet. (Austevoll, Etne, Fitjar, Kvinnherad og Tysnes)
4. Støtte til kunnskapsmessig infrastruktur og kompetanseheving kan gjevast i heile fylket dersom den har ein klar regionalpolitisk grunngjeving og er nyttig for regionen (meir enn ein kommune)
5. Tilskotet skal ikkje føra til unødig konkurranse vriding

## **Rapportering, utbetaling og kontroll**

1. Max 20 % av totalkostnaden av eit prosjekt kan finansierast gjennom næringsfondet.
2. 75 % av tilsegnet kan utbetalast når skjema for standardvilkår for tilsegn er fullt ut og motteke av Samarbeidsrådet. Resterande 25 % vert utbetalt etter at rekneskap og sluttrapportskjema føreligg. Det skal leggjast fram revidert rekneskap for tilsegn over kr. 100.000,-.
3. Dersom alle midlane ikkje er brukt skal tilskotet reduserast tilsvarande.